

SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
083/23	Heradsstyret	PS	19.10.2023

Saksbehandlar	ArkivsakID
Runar Ludvigsen	23/2490

Val av kontrollutval for perioden 2023-2027

Vedlegg:

Overføringsdokument nytt kontrollutval_Osterøy 2023_godkjent sak 3023
2023 09 05 Møteutskrift_sak_30_23_Osterøy kontrollutval
NKRF - Hvem kan og bør velges til kontrollutvalget
Kommunedirektøren gir ikkje framlegg til vedtak i valsaker

Heradsstyret - 083/23

HS - behandling:

Detaljert avrøysting i saka kjem fram av voteringsprotokollen som ligg vedlagt nedst i den samla møteboka.

Det vert sett fram krav om høvetalsval frå Sebastian Andre Haugland, H. Val av medlemmer til utvalet vert difor gjennomført som eit høvetallsval etter kommunelova §7-5 og §7-6:
FRP og INP sin liste fekk 8 røyster.
Høgre og Venstre sin liste fekk 5 røyster.
SP, AP, SV og KRF sin liste fekk 14 røyster.

HS - vedtak:

Kontrollutvalet har 5 medlemmer

Kontrollutvalet har slik samansetting for perioden 2023-2027:

For FRP og INP:

Fast medlem: Trygve Tønnessen (INP)
Vara 1: Kurt Ove Øksnes (FRP)
Vara 2: Stian Torp (INP)
Vara 3: Roy Husebø (INP)

For Høgre og Venstre:

Fast medlem: Harald Brekkhus (H)
Vara 1: Odd Roald Ravndal (V)
Vara 2: Ole Johannes Mjøs (H)
Vara 3: Ann Christin Reigstad (V)
Vara 4: Ida Marie Tysse (H)

For SP, AP, SV og KRF:

Fast medlem: Margrethe Ådland (AP)
Fast medlem: Frode Flesland (SP)
Fast medlem: Anne Guro Schmidt Antun (KRF)
Vara 1: Aud-Marit Rundhovde Jenssen (SV)
Vara 2: Jan Inge Wold (AP)
Vara 3: Jorunn S. Holsen (SV)
Vara 4: Arild Svellingen (KRF)
Vara 5: Carl Espen Torbjørnsen (SV)

Leiar for kontrollutvalet:

Harald Brekkhus (H)

Nestleiar for kontrollutvalet:

Frode Flesland (SP)

Saksopplysningar:**Saksopplysningar:**

Heradsstyret skal sjølv velja eit kontrollutval med minst fem medlemmer, leiar og nestleiar. Minst ein av medlemmene skal vera medlem i heradsstyret. Leiaren i utvalet kan ikkje vera frå same parti som ordføraren eller tilhøyra same gruppe som ordføraren.

Kontrollutvalet skal på vegne av heradsstyret ha den løpande kontrollen med forvaltninga i kommunen. Ansvar og mynde for kontrollutvalet går fram av kommunelova § 23-2 og forskrift av om kontrollutval og revisjon av 17.juni 2019.

Leiar for kontrollutvalet har møte- og talerett i heradsstyret når saker frå utvalet er til handsaming.

Dei vanlege krava til valbarheit i § 7-2 og kven som er utelukka etter § 7-3 gjeld også for kontrollutval. I § 23-1 tredje ledd bokstav a-h er det særlege reglar om kven som ikkje kan veljast til kontrollutvalet. Dette er:

- Ordførar og varaordførar
- Medlemmer og varamedlemmer i formannskapet
- Medlemmer og varamedlemmer i folkevald organ med avgjersmynde (unntak for medlemmer/varamedlemmer i heradsstyret)
- Medlemmer og varamedlemmer av kommunestyrekomite
- Tilsette i kommunen (uavhengig av stillingsbrøk)
- Personar som har ei leiande stilling eller som er medlem eller varamedlem i styret eller bedriftsforsamlinga, i eit selskap som kommunen har eigarinteresser i
- Personar som har ei leiande stilling, eller som er medlem eller varamedlem i styret i eit interkommunalt politisk råd eller eit kommunalt oppgåveselskap

Kontrollutvalet skal veljast i det konstituerande møtet etter val av formannskap, ordførar og varaordførar jf. kommunelova §7-1 tredje ledd. Utvalet trer i funksjon straks etter valet.

Valet vert halde som avtaleval dersom det ikkje vert kravd høvetalsval.

I Osterøy har kontrollutvalet tidlegare hatt fem medlemmer med like mange varamedlemmer i nummerert rekkjefølgje.

Konklusjon

Saka vert lagt for heradsstyret for val av kontrollutval.